så ble du et lys som for alltid består
Åh - la meg få være et lys der jeg går
før det hele er over

(c) Tore Thomassen

DETTE ER IKKJE LOV

Dei er samla i ein heim for å synga, fortelja trushistorier og be. Det er forbode.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, TADSIKISTAN

■ **Vi er invitert** til eit husfelleskap i ein by nord i Tadsjikistan. Gruppa som har halde saman i årevis, høyrer til ei registrert og lovleg evangelisk kyrkje. Men det er forbode med religiøs aktivitet utanfor godkjende gudshus. Dersom politiet kjem til husfelleskapet, blir dei bøtelagde.

Tre generasjonar har sett seg på golvet rundt eit rikeleg dekt matbord. Kvinner, menn og barn er saman. I tradisjonell tadsjikisk kultur ville kvinnene halde seg på kjøkkenet.

– Vi underviser nye kristne med muslimsk bakgrunn at kvinner og menn er likeverdige, seier ei kvinne som var her som misjonær då husgruppa vart starta.

Kampen for gravstader

Dei deler trushistorier. Ei kvinne fortel om kampen for å klara omsorga då mannen



Kvinner og menn er samla rundt eit rikeleg dekt matbord.



Dersom politiet kjem, vil vi forklara at vi er vener som et saman.

Pastor

drog frå henne og dei seks barna. Svigersønene pressar henne for at ho skal venda tilbake til islam.

– Eit par gonger har eg lurt på å gje opp, men eg held fast.

Ei anna kvinne fortel at mullahen nekta mora gravplass fordi ho var blitt kristen. Kyrkja måtte finna ein annan gravstad. Kyrkjene prøver å få skaffa felles kristen gravplass.

Så kjem hovudretten plov på bordet. Langkorna ris, kokt med løk, buljong og grønsaker, vert servert med lammekjøtt. To og to et frå kvar si side av ein tallerken.

Etter ploven hentar far i huset fram tromma. Han syng om Guds nærvær og ber om at fleire kan finna Gud og oppleva kjærleik og nåde.

Dekkhistoria

– Dersom politiet kjem, vil vi forklara at vi er vener som et saman, svarar pastoren.

– *Kan de ha biblar her?*

– Ein privat bibel i heimen er lov. Dei aller fleste har Bibelen på telefonen, då er dei ikkje synlege.

– *Har de hatt politiet på besøk?*

– Nei, og vi har aldri fått bot. Andre her i byen har hatt politiet på besøk og fått bøter.

Barn er med i husgruppa. Det er forbode å ta med unge under 18 i kyrkja eller gje dei religiøs opplæring utanfor heimen. Det same gjeld moskeane.

– Offisielt gjer vi ikkje noko for dei under 18. Men vi tek med borna når vi skal til gudsteneste. Dei kan ikkje vera åleine heime og blir samla i eigen bygning. Dersom politiet skulle koma, vil vi svara at barna leikar. Politiet sjekkar ofte moskeane under fredagsbøna.

Det er ikkje lov å ha sommarleir.

– Men vi har leirar for unge, langt utanfor byen. I år kom 50. Vi er varsame, og vi stolar på Gud og ber om vern, seier pastoren.

Møte med kvinner

I Tadsjikistan forbyr lova religiøse organisasjonar å driva oppsøkjande arbeid. Men kyrkja arrangerer møte med kvinner i heimar.

– Vi lærer dei å laga ein ny matrett. Medan maten står i omnen, deler kvinnene trushistoriene sine med kvinner som dei har invitert. Dei fortel historier om lækjedom, seier Nadi som leier familie- og kvinnearbeidet.

Vitnesbyrd gjer inntrykk. Nadi, som ikkje er det rette namnet hennar, fortel om ein familie der eitt av barna

på 18 år hadde Downs syndrom. Ingen ville vera saman med han.

– Dei vart svært glade då vi delte måltid med heile familien.

Nye kjem til tru i husfelleskap. – Dei blir med i kyrkja etterpå, seier Nadi.

Nabolaget veit om kyrkja.

– Somme naboar kjem for å be om forbøn for ein sjuk slektning etter at dei har vore både hos lege og mullahen først.

Nye moskear

I byen blir nye moskear bygde med pengar frå land som Qatar.

– Vi kristne må bli endå meir aktive når muslimar blir meir aktive, seier Nadi. ■



I husfelleskapet er også barn med, sjølv om heller ikkje det er lov.

«Liv blei forvandla»

I tre år får denne kyrkja nord i Tadsjikistan støtte frå Stefanusalliansen til årlege konferansar for konene til pastorar og andre kvinner med tungt ansvar i kyrkjer og familieliv.

– Liv blei forvandla, seier Nadi om ein tidlegare konferanse, eit prøveprosjekt med støtte.

– Vi ønskjer å stå på egne bein. Men konferansen maktar vi ikkje utan hjelp. Takk for at de bryr dykk om kvinner i eit land langt borte. De har valet mellom å gå forbi, eller stoppa og hjelpa ein framand. De stoppar og hjelper. Vi er ein kropp i Kristus.

FANT JESUS PÅ ET LITE KORS

Han bad de islamske bønnene fem ganger om dagen fra han var tre år gammel. Nå er han pastor for en liten kristen menighet.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, TADSIKISTAN



Et kors på veggen i en kirke nord i Tadsjikistan.

■ – **Bønnene var på arabisk**, så jeg forstod ingenting, forteller mannen til Magasinet Stefanus. Vi kan ikke bruke det virkelige navnet hans, så vi kaller ham pastor Fahd. Hans historie er en av mange vi får fortalt om dramatiske omvendelser i Tadsjikistan for to-tre tiår siden.

Forsøk på selvmord

Fahd vokste opp i en landsby nord i Tadsjikistan. Han ble født like før landet ble selvstendig da Sovjetunionen gikk i oppløsning i 1991. I en meget krevende situasjon i familien forsøkte moren å ta sitt eget liv. I sin fortvilelse stilte åtteåringen seg opp ved et tre i hagen og ba.

– Da kjente jeg en fred. Jeg trodde en gud var med meg, men jeg trodde ikke det var Allah, fordi jeg visste at han er streng.

En dag Fahd badet i en elv, fant han et lite kors-smykke, med en mann på korset. Han tok vare på korset.

Onkelens bønn

Da Fahd var 12 år, ble moren så syk at alle – også hun selv – trodde hun skulle dø. Da kom en av brødrene hennes hjem fra tjeneste som kristen misjonær i Afghanistan. Han ba for sin søster og hun overlevde.

– Onkelen forklarte meg at det var Gud som virket.

Så delte han troen med meg. Da tok jeg imot Jesus. Jeg innså at det var Jesus som ga meg freden ved treet og at det var han som hang på korset jeg fant.

Onkelen ga ham en bibel som Fahd også tok med på skolen. Moren hans fant bibelen i skolesekken. Familien ble samlet. Fahd ble avhørt. En annen av hans onkler på morssiden, er offiser.

– Han stilte meg til veggis: «Hvorfor leser du dette her? Du solgte troen din.» Han truet med å drepe meg dersom jeg snakket med misjonæren igjen, eller hvis jeg leste i bibelen. Etter den dagen har vi ikke snakket sammen.

– Jeg har et godt forhold til mor. Hun godtok at jeg fant en kone i kirken, ikke i landsbyen. Far fikk skadet ett bein i en fotballkamp. Beinets ble bra etter at jeg bad for ham. Derfor godtar han at jeg er kristen, bare jeg ikke «tuter ørene hans fulle».

Hører stygge ord

I landsbyen ropes fortsatt stygge ord etter han. Han har en gang hørt ropt at «kristne må drepes». Noen sier at han kaster skam over familien.

– Jeg vet at det snakkes om meg i moskeen. Jeg er blitt oppringt av folk som sier at jeg må komme tilbake til islam.

I dag er han pastor for en menighet.

– Vi er ikke registrert, men vi har våre samlinger i lokalet til en registrert kirke.

Fjerdeparten av de 35 i menigheten er fortsatt sökende.

– De nøler med å komme til gudstjenester på grunn av press fra familien. Menigheten der vi nå holder til, har ikke opplevd press fra lokalsamfunnet. Lokalet vi bruker, ser nemlig ut som et bolighus, og vi er ikke så mange at vi blir veldig synlige. Agenter fra Innenriksdepartementet har heller ikke kommet. I den forrige menigheten kom agenter to ganger. En gang fikk jeg en bot. Jeg var redd. Nå er jeg ikke redd lenger. Jeg har lært hva jeg skal svare.

Han og kona gir sin sønn kristen opplæring:

– I barnehagen bad sønnen vår for maten. Læreren oppdaget det og ba ham stoppe. Da svarte gutten: «Da vil jeg be stille.» Problemene kan bli større når han kommer i skolen, sier Fahd. ■



Fahd kommer fra en landsby nord i Tadsjikistan der folk som skifter tro, merker sterkt sosialt press.

Tadsjikistan

- Den minste og fattigste nasjonen i Sentral-Asia.
- Folketall: 9,5 mill.
- Største folkegruppe er tadsjikere. 25 prosent er usbekere. Liten minoritet russere.
- Hovedstad: Dusjanbe
- Cirka 90 prosent er sunni-muslimer.
- Mindre grupper av sjia-muslimer.

” Vi er ikke registrert, men vi har våre samlinger i lokalet til en registrert kirke.

Pastor Fahd

TRUSFRIDOM UNDER PRESS



*Ein gamal moské
i ein by nord i
Tadsjikistan.*

Kristen trusfridom i Tadsjikistan blir ramma av regjeringas kamp mot radikal islam.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, TADSIKISTAN

■ – **Regimet gjer kristent** arbeid vanskeleg, seier ein av dei mange kristne leiarane Magasinet Stefanus møter i Tadsjikistan.

Regimet nektar å registrera fleire kyrkjer enn dei 65 som er godkjende. Det var ei tydeleg melding til kyrkjeleiarar i eit møte med regjeringa i 2022.

– Vi fekk inga grunngeving, seier ein pastor for ei registrert kyrkje i hovudstaden Dusanbe.

Fleire kyrkjer ville gjerne blitt godkjende.

– Men det nyttar ikkje å søkja, sjølv med papira i orden. Regjeringa fryktar islamsk ekstremisme og undergrunnsaktivitet og vil ikkje registrera fleire muslimske trussamfunn. Difor blir heller ingen nye kyrkjer registrerte.

Kyrkjer låner lokale

Mange kyrkjer som ikkje er registrerte, låner lokale av registrerte kyrkjer. Baptistkyrkjene er splitta – ein del vil ikkje ha noko med styresmaktene å gjera og søkjer ikkje registrering.

– Dei merkar det sterkaste presset, seier ein pastor.

– Før lova blei vedteken, møtte kyrkjeleiarar folk i parlamentet. Vi fekk forklart at lova vart laga for å stogga muslimsk ekstremisme og ikkje var meint for kristne,

men at det ikkje kunne stå i lova. Vi svarte at lova ville ramma alle. Og lova vert brukt også mot kristne, seier pastor.

Bibelsensur

Det rammar også import av biblar og andre bøker. All litteratur må gjennom religiøs godkjenning. Sensuren tek lang tid. Opplag blir avgjort av regimet.

– Lova fastslår trusfridom, men det har vi ikkje, seier pastora.

– Vår fridom som kristne skulle ikkje vore avgrensa av behovet for kontroll med radikal islam. Kristne er ein liten minoritet. Lova burde vore meir fleksibel for oss, seier pastor i hovudstaden Dusjanbe.

Tadsjikistan var del av Sovjetunionen til unionen kollapsa i 1991. I 1991 vart landet sjølvstendig, med opne grenser. Misjonærar kom. Mange blei kristne. I 1997 blei det stramma inn. Seinare er lovverket endå meir innstramma.

Islamsk ekstremisme

Regjeringa er uroleg både for eigne radikale og for påverknad over grensa frå naboen i sør – Afghanistan. På den andre sida: Det er sju år sidan sist ein kristen leiar blei fengsla. Det skjedde i 2017. I dag handlar det om fare for razzia og bøter.

– Vi takkar Gud for at regjeringa har undertrykt islamistisk fundamentalisme. De i Vesten kjenner ikkje islamistisk teologi. Regjeringa prøver å finna ein mellomveg. Mange muslimar vil ha ein islamsk sharia-stat, men dei vågar ikkje fremja dette under trykket frå regjeringa, seier pastor som legg til:

– Det er feil å stramma inn trusfridommen for oss. Men eg forstår at regjeringa vil unngå undergraving og religiøs uro. Så ser eg at Gud verkar. Vi har også aukande dialog med muslimske leiarar. Eg takkar Gud for at de vil forstå og hjelpa oss der de kan. Be for oss, seier pastor i Dusjanbe.

Press mot konvertittar

Nord i Tadsjikistan, der samfunnet er meir konservativt, møter vi ein annan pastor – pastor Khalid (som ikkje er det rette namnet hans).

– Regjeringa vernar vår rett til å skifta religion. Men samfunnet gjer det ikkje. Mange får problem når dei skifter tru. Dei får press frå familien. Mullahen nekta dei gravplass. Dei kan bli ropte «kafir», vantruande, etter på gata. Dei får problem på skular og universitet.

I Dusjanbe sender pastor Vladimir (som ikkje er det rette namnet hans) derimot ei kritisk helsing til andre kristne og kyrkjer i heimlandet:


– Mange ropar at som kristne med muslimsk bakgrunn, blir dei forfølgde. Men ikkje alle historier om

forfølging er sanne. Eg har sjølv muslimsk bakgrunn og muslimar i familien og har vore pastor i mange år. Vi må ha ærlege vitnesbyrd.

«Usunne kyrkjer»

Han meiner mange kyrkjer i Tadsjikistan er «usunne»: Pastora er dårlege til å møta spørsmål frå godt utdanna menneske som difor «heller går på pub». Kristne med utdanning skaffar seg arbeid i store internasjonale organisasjonar i hovudstaden, eller dei dreg frå landet. Kyrkjene er for dårlege til å ta imot ungdom, seier pastora som viser oss eit studio kyrkja hans innreier der unge kan produsera videoar og podkasta.

– Mange kristne ønskjer åndeleg arbeid. Dei vil ikkje ta sekulært arbeid som kunne gitt dei løn til å forsørja familien og støtta kyrkja. Eg har sett mange døme. Kyrkjene er også altfor ivrige etter å be Vesten om hjelp. Mange kyrkjer er difor i tilbakegang. Til vestlege vener som vil støtta prosjekt, seier eg at dei må sikra at prosjekta blir berekraftige slik at dei sjølve kan trekkja seg ut, seier pastor Vladimir. ■



Bibelen er nyleg omsett på nytt til tadsjikisk og godkjend til bruk.



Vi må ha ærlege vitnesbyrd.

Pastor i Dusjanbe

Les på neste side:

Slik blir muslimar undertrykte.

*Biletet av president Emomali
Rahmon prydar alle offentlege
bygg, her i hovudstaden Dusjanbe.
Foto: Johannes Morken*



HAN STENGJER MOSKEAR

” Fleire uregistrerte moskear er gjorde om til kinoar eller bibliotek.

Forum 18

Regimet i Tadsjikistan stengjer moskear som ikkje er godkjende, og forbyr hijab.

■ **President Emomali Rahmon** har haldt til i palasset i hovudstaden Dusjanbe heilt sidan 1992. For å sikra makt og stabilitet held han mellom anna streng kontroll med religion.

Nyhendetenesta Forum 18 News Service skriv at han ikkje har halde frie og rettferdige val og at regjeringstida hans har vore prega av vedvarande brot på ein serie menneskerettar. Forum 18 News Service summerer opp:

- Det er skapt eit klima av frykt i landet.
- Berre statskontrollerte moskear får operera. Imamane må framføra statsdikerte preiker.
- Sentral-Asias einaste religiøst baserte politiske parti er forbode. Leiingar er fengsla.
- Minst 19 kjende samvitsfangar er sperra inne fordi dei har praktisert religionsfridomen.
- Streng restriksjonar på talet på godkjende moskear og aktivitetar i moskeane. Stopp i registrering av nye kyrkjer.
- Moskear som ikkje er registrerte eller som ikkje følgjer den statsgodekjende utgåva av sunni-islam, blir stengde. Ein serie slike moskear er gjorde om til kinoar eller bibliotek.

- Forbod mot hijab og lange skjegg, som er synlege uttrykk for islamsk tru.
- Straffefridom for dei som har utført tortur av muslimar og Jehovas vitne, også for dei som banka opp den siste fengsla kristne leiaren, pastor Bakrom Kholmatov, i 2017.
- Forbod mot religiøse samfunn utan godkjenning, som Jehovas vitne og somme islamske og protestantiske samfunn.
- Den einaste religiøse aktiviteten unge under 18 år kan delta i offentleg, er gravferder.
- Det er statleg sensur av religiøs litteratur, bokhandlar og nettsider. ■

Les meir:

Hos Forum 18 News Service kan du lesa ein fersk og lengre artikkel om situasjonen for trusfridommen i Tadsjikistan. www.forum18.org



Slik så det ut i Jaranwala etter mobbens herjinger den 16. august 2023. Foto: HFO

” Vi arbeider opp mot myndighetene for å gjøre dem i stand til å hindre at slike tragedier skjer igjen.

Sobia Batool, HFO

BYGGER SINE LIV OPP IGJEN

Gradvis bygger kristne i Jaranwala i Pakistan opp igjen sine liv etter at en rasende islamistisk mobb brente 90 hjem og over 20 kirker.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **De største kirkene** var restaurert til en avdempet julefeiring. Regjeringen har lovet at alle kirkene skal settes i stand igjen.

– Jeg håper alle kirkene er satt i stand til påske. Men siden det er valg i Pakistan 24. februar, er jeg skeptisk, sier Sobia Batool i Human Friends Organization (HFO), Stefanusalliansens partner.

Gatene i Jaranwalas kristne nabolag pleier alltid å være dekorert med glitter, lys, kunstige juletrær og glitrende stjerner i juletiden. I 2023 var veiene fulle av murstein, sement, planker og armeringsjern. De overllevende prioriterer å bygge opp igjen hjemmene sine.

Brente kirker og hjem

Den 16. august i fjor satt en rasende islamistisk mobb fyr på 90 hus og over 20 kirker etter at to kristne brødre

– uten bevis – ble beskyldt for blasfemi. Alle innbyggerne kom seg unna før mobben kom.

– Det er en frykt i hjertet mitt, sier åtte år gamle Chris til nettavisen Voicepk.net. Moren Komal snakker om «en dypt rotfestet terror» – hun er redd det skal skje igjen. Komal sier at barna er blitt mistenksomme når ukjente barn dukker opp i gatene, de spør om de er muslimer.

– Det har aldri skjedd før at barna våre skiller mellom kristne og muslimer, sier hun.

Regjeringen lovet 2 millioner rupi (drøyt 76 000 kroner) til hver familie som fikk huset sitt ødelagt. Noen har fått midler, andre hadde ennå ikke fått da julen kom. Noen feiret jul i brannherjede hus.

HFO har bidratt med mat og utstyr til mange hjem, med bidrag fra Stefanusalliansen.

– Nå arbeider vi opp mot myndighetene for å gjøre dem i stand til å hindre at slike tragedier skjer igjen, sier Batool.

Solidaritet

Den 10. desember, på den internasjonale menneskerettsdagen, arrangerte HFO og FNs utviklingsprogram (UNDP) i Pakistan en seremoni sammen med det kristne samfunnet i Jaranwala. Arrangementet hadde støtte fra den norske ambassaden. Også muslimer som stilte opp for kristne naboer da mobben mobiliserte, ble invitert og kom.

– Dette var en viktig markering. Det var meningsfylt å feire den internasjonale menneskerettsdagen sammen med ofrene for terror, for å trøste familiene, sier Batool.

UNDP opplyser at det ble delt ut matesker til 125 kristne og muslimske familier.

– Å fremme harmoni mellom religioner og å endre menneskers tanke sett krever kontinuerlig arbeid på alle nivåer, sa Muhammad Shoab Akbar fra Departementet for menneskerettigheter og minoritetssaker i Punjab. Han bekreftet forpliktelsen til å sikre inkludering, respekt, beskyttelse og utvikling for religiøse minoriteter.

Alle i Jaranwala venter på at løftene holdes. ■



Kristin Rudstaden klar for Stefanusalliansen.

Foto: Menneskeverd

Klar for politisk innsats

Kristin Rudstaden (41) er ansatt i en nyopprettet stilling som rådgiver for politikk og kommunikasjon. Hun starter i slutten av februar. Rudstaden kommer fra stillingen som informasjonsleder i Menneskeverd.

Den nye stillingen i Stefanusalliansen er opprettet blant annet for å styrke innsatsen for å løfte saker om internasjonal trosfrihet i møte med politiske partier og myndigheter, både Stortinget og Utenriksdepartementet, og etter hvert også internasjonalt.

Rudstaden gleder seg:

– Jeg ser frem til å være med og jobbe for at alle mennesker skal få tilgang til grunnleggende friheter som å ha en tro og utøve den. Jeg har sterk tro på demokratiske styreformene, hvor vi kan være samfunnskritiske og hvor ytringsfriheten og religionsfriheten er absolutt, sier hun og legger til:

– Jeg ser frem til å jobbe med å påvirke politikere og samfunnsaktører til å sette søkelys på og prioritere trosfrihet.



Elisa Chavez (i midten) i et panel under IRFBA-konferansen i Praha. Foto: Stefanusalliansen

Stefanusalliansen i Praha

I slutten av november ble det arrangert en internasjonal nettverkskonferanse for den internasjonale alliansen for tros- og livssynsfrihet, International Religious Freedom or Belief Alliance (IRFBA). Rundt 40 land, deriblant Norge, er med i denne alliansen av likesinnede land som fremmer tros- og livssynsfriheten globalt. Hvert år arrangeres en konferanse på ministernivå. I 2023 var Tsjekia vertskap i Praha. Temaet var «Trosfrihet i autoritære regimer».

Ca 500 personer fra 60 land deltok, med representanter fra regjeringer, FN,

akademia, sivilsamfunn og trossamfunn. Menneskerettighetsrådgiverne Birgitte Moe Olsen og Elisa Chavez representerte Stefanusalliansen. Moe Olsen var med i en delegasjon for unge trosfrihetsaktivister og hadde med en gruppe unge aktivister fra Sørøst-Asia. Chavez satt i et panel i en sesjon om trosfrihet og kvinner. Generalsekretær Ed Brown deltok i flere viktige nettverksmøter parallelt med konferansen.

Se for øvrig side 4-7 i dette magasinet.



Mama Maggie velsignet barna under en bønnevandring i Søm kirke i Kristiansand.

Foto: Marianne Haugerud

Gripende møter med Mama Maggie

«Det var et utrolig sterkt øyeblikk da Mama Maggie kom inn midtgangen i Søm kirke mens vi sang salmen «Gud skapte lyset og livet og meg». Tiden stod stille, det var et sånt øyeblikk som jeg aldri kommer til å glemme.»

Dette forteller trosopplærer i Randesund menighet, June Baarøy Myhrstad. Hun legger til:

«I forkant hørte jeg at noen av barna lurte på om de kanskje kunne få gi Mama Maggie en klem, eller hvordan det var å bli klemt av henne. Under bønnevandringen i kirken overøste hun dem

med kjærlighet; omfavnet barna, tok imot tegninger, lyttet oppmerksomt og kysset dem på kinnet. Et helt spesielt møte med en sterk, overgitt dame, liten av vekst – som satte spor i hjerte og sjel».

Søm kirke og Randesund menighet var en av tre menigheter som fikk besøk av Mama Maggie i november. Hun besøkte også Nordstrand kirke i Oslo og Grimstad kirke. Det var fulle hus og sterke møter, som var godt tilrettelagt av de lokale menighetene. Takk til våre misjonsprosjekt-menigheter som viser et slikt fantastisk engasjement for arbeidet.

GARNES

GÅTEN OM KORSET

PÅSKEKONSERT

stefanus
alliansen

En helt spesiell konsertopplevelse du bare må få med deg.
14 sanger som drar oss nærmere påskens grensesprengende budskap - og gåten om korset!

TIRSDAG 5. mars, Norkirken GRIMSTAD - kl. 19:30
ONSDAG 6. mars, SØGNE hovedkirke - kl. 19:30
TORSDAG 7. mars, Skauen kirke, SKIEN - kl. 19:30
FREDAG 8. mars, Filadelfia kirken DRAMMEN m/Mosaic - kl. 19:30
LØRDAG 9. mars, Bykirken, TØNSBERG m/Mosaic - kl. 19:30
SØNDAG 10. mars, Kulturkirken Jakob OSLO m/Mosaic - kl. 14:30
TIRSDAG 12. mars, Riska kirke, SANDNES - kl. 19:30
ONSDAG 13. mars, Frøyland & Orstad Kyrkje, KLEPP - kl. 19:30
TORSDAG 14. mars, Skjold kyrkje, VINDAFJORD - kl. 19:30
FREDAG 15. mars, NORHEIMSUND kyrkje m/Redeemed - kl. 19:30
LØRDAG 16. mars, KNARVIK kyrkje m/Redeemed - kl. 19:30
TIRSDAG 26. mars, GEILO Kulturkyrkje - kl. 19:00

KJØP BILLETTER HER:



Et samarbeid med Stefanusalliansen.

Vil du gi dem
en pause fra
forfølgelsen?

Å være kristen i Sentral-Asia er som å leve i en trykkoker. Forfølgelsen er konstant: fra egen slekt, det muslimske lokalsamfunnet og de totalitære styresmaktene.



iStockphoto

«Aldri bli som disse!»

Skolelæreren om de kristne søstrene Asima (10) og Ester (8)

Familien Nasirov er oppriktige og vennlige mennesker. Det var en selvfølge for dem å fortelle om sin nye kristne overbevisning til sine nærmeste. Men konsekvensene ble brutale: Familie, venner og bekjente ville ikke lenger ha noe med dem å gjøre. Døtrene Ester og Asima gikk i småskolen: «Klassekameratene våre kalte oss urene forrædere og andre ekle ord», forteller de. «**Innimellom stilte læreren oss foran klassen, ba alle se på oss og advarte: 'Aldri bli som disse!'**» Til slutt ble familien forvist fra landsbyen og de ble nødt til å flytte til storbyen. Her var det flere kristne, men presset ble ikke mindre: **For 35 år etter jernteppets fall, styres de tidligere sovjetiske statene i Sentral-Asia fortsatt med jernhånd; med kontroll, overvåkning og svært begrenset trosfrihet.**

Familien Nasirov ble mer og mer isolert. Frykten for politirassia og nye trusler var altoppslukende. Selv i den kristne husgruppen klarte de ikke å slippe av, for angivere infiltrerer ofte kristne menigheter. Hvem kan utholde et slikt umenneskelig press? Det gikk utover troen, helsen og familien. De var i ferd med å bukke under, da det kom en invitasjon til et opphold på Josefs Hus. «**Å få komme til Josefs Hus ble som et lys i mørket!**» forteller familien.

Josefs Hus er et tilfluktssted, ja kall det gjerne et nødhjem, for kristne fra Sentral-Asia. Mange venter på å få komme. I Josefs Hus er de trygge, de får samlet krefter, blir lyttet til og får medisinsk hjelp. De har kapasitet til å ta imot 40 personer i året, og de ønsker å skape flere nødhjem. Men de klarer det ikke uten din og min hjelp. **Bli med å gi et pusterom fra et krevende liv! Gi en pause fra forfølgelsen!**

Vil du gi en
gave til driften
av **Josefs Hus?**

GAVEEKSEMPEL:

Gi legeundersøkelse for én person:

kr 390,-

GAVEEKSEMPEL:

Gi en person et døgn på nødhjem:

kr 630,-

GAVEEKSEMPEL:

Gi mat for én person i en uke:

kr 1050,-

v:pps

til **19013**
- merk med:
pause



Gavekonto: **3000 14 57922** Merk med: **pause**

Overskytende midler vil gå til arbeidet blant forfulgte kristne i Sentral-Asia. Ved å gi en gave godtar du Stefanusalliansens personvernerklæring: stefanus.no/gi-gave/personvern/